

# ORGANISASJONSPLAN FOR HJELMELAND IDRETTSLAG



Idrettsglede, engasjement og plass til alle!

Vedtatt på årsmøtet \_\_\_\_

## Innhold

Idrettslaget sitt føremål .....	4
Visjon .....	4
Verdigrunnlaget.....	4
Dette vil me:.....	5
Mål.....	5
Organisasjonskart Hjelmeland IL.....	6
Undergrupper .....	9
Fotball .....	9
Handball .....	9
Ski, friidrett og trim .....	10
Ansvarleg for Bjødnabu .....	10
Aktivitet.....	11
Anlegg.....	11
Økonomi .....	11
Rekneskap.....	11
Medlemskontingent.....	11
Startkontingent individuelt .....	12
Lisensar .....	12
Støtte til talentutvikling .....	12
Reklame/ sponsoravtaler .....	12
Lønn og honorar.....	12
Reiserekning.....	12
Klubbdrakter/ profilering .....	13
Logo .....	13
Drakter.....	13
Regler for HjelmelandIL.....	13
For spelarar .....	16
For trenere og leiare.....	17
For føresette og foreldre .....	17
For publikum og supportere.....	17
Dugnad .....	18

IDRETTENS VERDIER ER FELLESSKAP, GLEDE, HELSE OG ÆRLIGHET

## Innleiing

Organisasjonsplanen skal vera det styrande dokumentet for Hjelmeland idrettslag. Planen skal gi dei overordna retningslinene som hovudstyret, og gruppene skal innretta arbeidet sitt etter.

Organisasjonsplanen skal synleggjera hovudstyret sitt ansvar for heile laget sin aktivitet, og arbeidsfordelinga mellom hovudstyret og gruppene.

Organisasjonsplanen er utarbeidd innafor rammene til loven for laget.

Hovudstyret, eller gruppene, dersom styret har gitt fullmakt, kan vedta nærare instruksar/retningsliner innafor dei rammene som organisasjonsplanen gir.

Hovudstyret har ansvar for at organisasjonsplanen blir gjort kjent blant styret sine styrande organ, og blant medlemmene elles, og har ansvar for at organisasjonsplanen blir revidert etter behov.

## Grunnlagsopplysninger for idrettslaget

Navn: Hjelmeland idrettslag

Stiftet: 1912

Postadresse : Postboks 35, 4148 Hjelmeland

E-postadresse: post@hjemlandil.no

Bankkonto: 3353.07.00696

Bankforbindelse: Rogaland Sparebank

Internett adresse: www.hjemlandil.no

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 988117 749

Tatt opp som medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF:

Registrert tilknytning til Rogaland idrettskrets

Registrert tilknytning til Norges fotballforbund, Norges håndballforbund, Norges skiforbund, Norges friidrettsforbund

Klubbnummer i NIFs medlemsregister: 11330002

Årsmøte måned: mars

## Idrettslaget sitt føremål

Hjelmeland idrettslag skal vera ein open og demokratisk organisasjon der føremålet er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite (NIF)

Arbeidet skal vera prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlighet.

Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med utelukkande personlege medlemmar.

## Visjon

Idrettsglede, engasjement og plass til alle.

## Verdigrunnlaget

- Vi er til stade.
- Vi er positive.
- Vi har plass til alle.
- Vi bidreg til eit levedyktig lokalsamfunn.

## Dette vil me:

Hjelmeland IL skal vera ein breiddeklubb som legg til rette for eit mangfaldig idrettsmiljø:

- med allsidigheit
- med både breidde- og konkurranseidrett
- Flest mogleg, lengst mogleg.

Hjelmeland IL skal stå for idrettsglede og samhold for alle i lokalmiljøet.

## Mål

- Rekruttera nye medlemmer og behalde dei vi har.
- Ha fokus på barn og ungdom, slik at alle har eit treningstilbod
- Styrke kompetansen til trenarar, lagleiarar og styremedlemmer i Hjelmeland IL.
- Auka foreldreengasjement
- Jobbe for at fleire vaksne har eit treningstilbod i idrettslaget.

## Delmål

- 500 medlemmer innan 2026.
- Legge til rette for allsidigheit - idrettslaget skal ikkje leggje til rette for spesialisering før utøvarane er 12 år.
- Alle trenarar og lagleiarar skal gjennomføra [«Trenerattesten»](#).


## Verkemiddel

- Gjera idrettslaget sine tilbod betre kjent gjennom aktiv bruk av idrettslaget sit heimeside, sosiale media og med informasjon via skulen til elevar/foreldre.
- Legge til rette for kurs og utdanning for trenarar, lagleiarar og styremedlemmer i Hjelmeland IL, blant anna gjennom aktiv bruk av NIF sine digitale kurs, og ved å legge til rette for kurs lokalt .
- Etablere eit ikkje konkurranseretta allidrettstilbod for ungdom.

## Organisasjonskart Hjelmeland IL

Hovudstyret: Antall styremedlemmer og varamedlemmer blir fastsett av årsmøtet.

Kjønnsfordeling: «For reglar om kjønnsfordeling i styre, utval, m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd gjeld NIFs lov §2-4. For idrettslag med omsetnad og medlemstal under terskel fastsett av Idrettsstyret er det tilstrekkeleg at begge kjønn er representerte i styrer, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd.» Jf. Idrettslagets lov§ 4



Der Hovudstyret består av

- Leiar
- Nestleiar
- Kasserar
- Sekretær
- Leiar -fotballgruppa
- Leiar – håndballgruppa
- Leier – ski, friidrett og trimgruppa

Valgkomite har 1 leiar, 2 medlem og 1 varamedlem

Kontrollkomite har 2 medlem. Gjelder for lag med omsetjing over 5 mill.

## Årsmøtet

- o Årsmøtet er laget sin høgaste myndigheit.
- o Årsmøtet skal haldast ein gong i året, i månaden som er fastsett i loven.
- o Protokollen frå årsmøtet skal sendast til idrettsrådet i kommune/kommunen, og dei særkretsar som idrettslaget er tilslutta. Protokollen kan leggjast ut på idrettslaget sine heimesider,
- o Innkalling til årsmøtet skal skje ein måned før årsmøtet blir halde.
- o Innkalling annonserast på nettet eller i avisa, eller blir sendt ut til medlemmene. Innkomne forslag skal vera styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal sendast ut ei veke før.
- o Årsmøtet er for medlemmer i klubben, det vil si dei som har betalt medlemskontingenten. Foreldre/føresette har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmer under 15 år.
- o Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som ønskjer å bli med å bestemme korleis klubben skal drivast bør stille på årsmøtet.
- o Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsett i lovens årsmøteparagraf §10

## Styret sin funksjon og samansetning

### Styret skal:

- o Planlegge og ivareta laget si totale drift, medrekna mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap og oppgåver som går fram av §11 i lovnorm for idrettslag, samt i NIFs lover. Styret har ansvar for at det finns retningsliner for aktiviteten i klubben
- o Iverksette bestemmelsar og vedtak fatta av årsmøtet eller andre overordna idrettsmyndigheter
- o Stå for lagets daglege leiing, og representera laget utad
- o Disponere laget sine inntekter (tilskudd, kontingent o.a.) og fordele desse etter plan og godkjent budsjett
- o Oppnemne komitéar og utval etter behov, og utarbeida instruks for desse.

### Leiar

- o er klubben sitt ansikt utad, og klubben sin representant i møte og forhandlingar, men bør så langt det let seg gjera ha med seg ein eller fleire frå hovudstyret eller undergruppene.
- o står for klubben si daglege leiing, koordinerer styret og klubben sin totale aktivitet
- o innkallar til styremøte, førebur saker og leiar møta
- o skal sjå til at val, adresseforandringar, oppgåver over medlemmer o.a. som har interesse for/skal sendast inn til krets- og forbund, blir melde til overordna instansar innan gitte fristar.
- o Er ansvarleg for vedlikehald av politiattestar hjå trenarar og kontaktpersonar/lagleiarar.
- o Skal sjå til at organisasjonsplanen blir gjort kjent og kommunisert til alle i klubben
- o ansvarleg for at klubben sitt medlemsarkiv er oppdatert

### **Nestleiar**

- o Skal fungera som leiar når leiar er fråverande.
- o hjelper leiaren og dannar eit leiarteam med denne
- o er klubben sin sponsoransvarlege, og har i lag med leiar ansvar for kontakt med sponsorar, forhandling og reforhandling av avtalar, og oppfølging av avtalar.

### **Sekretær**

- o skal føre referat over alle styremøte og medlemsmøte, og syte for at desse blir tilgjengelege på laget si internettside.
- o hjelpe leiar med å innkalling til styremøte, medlemsmøte og årsmøte, i tillegg til hjelpe til med å skrive årsmelding for hovudstyre og utarbeide sakspapir til årsmøtet.
- o Har ansvar for vedlikehald av internettside og Facebook og ev. andre sosiale media.

### **Kasserer**

- o disponerer laget sine midlar og har fullmakt til klubben sine bankkontoar
- o har kjennskap til kontoplan og har ansvar for dialogen med rekneskapsførar.
- o [Regnskap](#)
- o har til ei kvar tid oversikt over laget sin økonomiske situasjon og følgjer opp denne
- o har ansvar for at rekneskapsførar utarbeidar resultatregnskap ved årsslutt og ser til at dette blir revidert til årsmøtet
- o tilviser utbetalingar
- o ansvarleg for å søke om pengestøtte og midlar, i samarbeid med resten av styret eller undergruppene.

### **Leiar i fotballgruppa, handballgruppa, ski-, friidrett og trimgruppa har følgande oppgåver**

- o laga aktivitetsplan for året
- o ansvar for oppdaterte medlemslister
- o ansvar for utarbeiding av budsjett for gruppa

### **Varamedlem**

- o Første vara møter på alle styremøte. Andre vara møter frivillig på alle styremøte.

### **Kontrollkomiteen**

Årsmøtet vel kontrollkomite. Kontrollkomiteens oppgåver handlar ikkje berre i gransking av rekneskap. Den skal også granske styret si totale forvaltning, både den økonomiske og den virksomhetsmessige. Komiteen har rett til, når som helst, å utføre sin kontroll/revisjon. Styret skal syte for at komiteen heile tida blir halden informert om styret og gruppene sitt arbeid, ved å få tilsendt referat frå styremøta.



Kontrollkomiteen skal:

- o kontinuerleg følgje med i klubben si verksemd og, ved behov, gi styret råd og rettleiing vedkommande forvaltninga,
- o forlange at styret innkallar til ekstraordinært årsmøte eller sjølv innkalle til dette, om det blir oppdaga noko som strir mot medlemmene sine interesser,
- o granske årsrekneskapen ift. vedtektene, og tilrå eller avgje merknadar vedkommande ansvarsfridom for styret,
- seinast på det tidspunkt vedtektene bestemmer gi sin komitérapport til styret, og
- under årsmøte framføra revisjonsberetninga/komiterapport.

## Valkomité

Valkomiteen har ein av klubben sine viktigaste oppgåver. Den har ansvaret for personalmessig og funksjonell utvikling av klubben ved å rekruttera nye styremedlem.

Valkomiteen pliktar:

- o å sjå til at medlemmene sitt syn på styret sitt arbeid blir tatt opp til behandling,
- o å diskutera med styret om eventuelle endringar i styret si samansetning,
- o å halde seg informert om, og diskutera med, medlemmene om ulike kandidatar for styreoppdrag, og slik få greie på om ønska personar har kunnskap, tid og interesse for oppdraget,
- o å gjennomgå for styret og medlemmene kva for endringar / nomineringar som kjem **til å bli** foreslått,
- o å leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.
- o under årsmøtet presentera valkomiteen sitt forslag, og
- o etter årsmøtet å analysere eige nominasjonsarbeid.

## Undergrupper

Kvar undergruppe skal ha minst tre personar i styret, avhengig av gruppestørrelsen. Undergruppene konstituerer seg sjølv. Hovudstyret kan delegere oppgåver og arrangement til undergruppene.

### Fotball

- o Skal arrangera fotballcup for aldersbestemt nivå.
- o Arrangere aktivitetsveke/fotballskule i sommarferien
- o Ha eit tilbod og aktivitet for alle aldersgrupper
- o Ha tilbod også på junior- og seniornivå

### Handball

- o Legge til rette for ballaktivitet for alle aldersgrupper
- o Skal arrangere håndballturneringa i Hjelmelandshallen.

### **Ski, friidrett og trim**

- o Arrangere skitreninger
- o Legge til rette for ski-aktiviteter på Bjødnabu
- o Ansvarleg for drift av lysløypeanlegget på Bjødnabu
- o Forvaltar utstyr som tilhører skigruppa
- o Syte for utøverlisens/FIS-lisens
- o Syte for at Fisterløpet blir arrangert årleg
- o Organisere aktiviteter som ikkje inngår i dei andre gruppene, f.eks barnetrim eller all-idrett .

### **Ansvarleg for Bjødnabu**

- o Møter fast i skigruppa sine styremøte.
- o Koordinere dugnader.
- o Halde orden rundt idrettslaget sin garasje på Bjødnabu.
- o Passe på, og evt. utføre naudsynt vedlikehald av trakkemaskina, dieselaggregatet og garasjen

### **Medlemmer**

Alle som vil drive idrett innanfor Hjelmeland IL sitt aktivitetstilbod pliktar å bli medlem i idrettslaget. Personar som skal vera trenarar eller lagleiarar, eller ha andre tillitsverv i idrettslaget må også vera medlemmer. Innmelding skjer via Minidrett.no.

Medlemskap i Hjelmeland IL er først gyldig og blir rekna frå den dag kontingent er betalt. For å ha stemmerett og vera valbar må eit medlem ha vært tilslutta idrettslaget i minst 1 måned og ha betalt kontingent .

Medlemskap i Hjelmeland IL kan opphøyre ved utmelding, stryking eller eksklusjon. Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er mottatt.

Stryking kan finne stad av medlem som skuldar kontingent for meire enn eit år. Medlem som blir strokne kan ikkje takast opp igjen før skuldig kontingent er betalt. Hvis medlemmet skuldar kontingent etter forfalt to års kontingent, skal medlemskapet bringast til opphøyr ved strykning frå idrettslaget si side.

Ved innmelding bør medlemmene fylle ut et skjema med navn, fødselsdato, adresse, e-post, mobilnr og navn på foresatte. Dette for å få et bra og oversiktlig medlemskartotek. Dette skjemaet ligger tilgjengelig Min Idrett (eller via link på nettsiden til idrettslaget).

Lagets undergrupper har ansvar for oppdaterte medlemslister ved sesongstart.

Medlemskontingent blir sendt ut frå klubben sin hovudkasserar, ingen undergrupper sender ut egne regninger.

## Aktivitet

Hjelmeland IL er et fleirdrettslag med undergruppene fotball, handball, ski, friidrett og trim.

## Anlegg

Hjelmeland IL disponerer:

- o Hjelmelandshallen (største delen av veka etteravtale med Hjelmeland kommune.) Her føregår all innetrening og hallidrett.
- o Fotballbane på Fister.
- o Grasbane og kunstgrasbane i Årdal
- o Hjelmeland Sentralidrettsanlegg, inkludert rullerløype og styrke-/balansepark
- o Lysløype på Bjødnabu med tråkkemaskin og garasje.

## Informasjon

Idrettslaget informerer medlemmene via Spond-appen, som blir nytta som kommunikasjon mot aktive medlemmer og føresette med informasjon knytt til treningar, kampar og andre ting knytt til den sportslege aktiviteten. Alle aktive medlemmer skal vera knytt til ei eller fleire Spond-grupper knytt til den greina/ dei greinene ein deltek i. Spond kan også nyttast til fellesinformasjon til alle medlemmer.

Informasjon blir også gitt via nettsida [hjelmelandil.no](http://hjelmelandil.no), og Facebook-sida [facebook.com/Hjelmelandldrettslag](https://facebook.com/Hjelmelandldrettslag) med tilhøyrande grupper.

## Økonomi

- o Hovudstyret er juridisk ansvarleg for laget sin økonomi
- o Hovudstyret er ansvarleg for å sette opp budsjett før årsmøtet.
- o Alle innkjøp utover budsjett i undergruppene skal godkjennast av styret.
- o Alle betalte fakturaer skal attesterast av to personar, den som har bestilt varen og kasserer. Kvitteringar og fakturaer skal vera tydeleg merka.
- o Det skal teiknast underslagforsikring for de som disponerer kontoane.

## Rekneskap

Klubben skal føre eit rekneskap der kvar gruppe er ei avdeling i rekneskapet. Alle inn- og utbetalingar skal gå gjennom klubben sin konto, det er ikkje lov å sette pengar som tilhøyrer klubben inn på personlege kontoar. Alle eigenandelar og startavgifter skal betalast gjennom klubben. Når ein reiser med eit lag kan det betalast ut forskot til lagleiar, han skal da levere inn reiseoppgjør og kvitteringar for brukte pengar. Ein skal levere reiserekning/utleggskjema med kvitteringar for å få igjen det en har lagt ut.

## Medlemskontingent

Medlemskontingenten blir fastsett av årsmøtet som egen sak. jf. Idrettslaget sin lov§10 og NIFs lov §10-4. Medlemskontingent skal betalast for kvart enkelt medlem, familiemedlemskap blir

rekna som ei rabattordning og ein må framleis registrere kvart enkelt medlem med namn og betalt beløp da revisor skal kontrollere medlemslister mot rekneskap.

Barn under skulealder: 50 kr

Enkeltmedlem: 950 kr

Familemedlemskap: 1.800 kr

Støttemedlemskap: 300 kr (for dei som ikkje deltek på aktivitetar i regi av idrettslaget)

## Startkontingent individuelt

Alle medlemmer får dekket dette, med unntak av start i lokale arrangement som Hjelmelandsmesterskap på ski, lysløypekarusell på Bjødnabu og i Suldal, Fisterløpet og andre tur-/trimrenn. Elles blir dette informert om ved sesongstart.

## Lisensar

Kvart enkelt medlem betaler sjølv lisensar. Unntak er for fotball, og for klubbdommerar i handball, hvis dei ikkje sjølv spelar aktivt.

## Deltakeravgift lagidrettar

Klubben betalar start- /klubbavgift.

## Eigenandelar/treningsavgift

A-laget i fotball har dette, blir tatt opp ved sesongstart.

## Støtte til talentutvikling

Idrettslaget prioriterer breiddeidrett, men styret vil etter særskilt søknad kunne vurdere å bidra til talentutvikling. Undergruppene bør ha egne budsjettpostar for talentutvikling.

## Reklame/ sponsoravtaler

Alle sponsoravtaler skal godkjennast av hovudstyret, en gruppe kan ikkje inngå egne avtalar utan godkjenning frå hovudstyret.

## Lønn og honorar

Medlemmene i hovudstyret kan få ei godtgjersle på kr. 5000 årleg.

Trenarar kan ved sesongslutt få gavekort hjå det lokale næringsliv. Undergruppene avgjer dette i forhold til sine budsjett. Hovudstyret kan også legge føringar.

## Reiserekning

Reiser skal godkjennast på førehand av styreleiar eller gruppeleiar.

### Krav til reiserekning:

Alt fylles ut på reiserekninga :

- o namn, adresse, personnummer, bankkonto
- o til og frå og dato for kvar enkelt reise
- o føremål med kvar enkelt reise
- o ved diett må klokkeslett (avreise/ankomst) oppgis

Vedlegg til reiserekninga (kvitteringer):

- o Kvittering må leggjast ved (scanna kvittering er OK)

### Økonomisk utroskap/ varslingsplikt

Dette er uakseptabelt, alle har varslingsplikt

## Klubbdrakter/ profilering

### Logo



### Drakter

Klubbens draktfarger er svart og hvitt.

Trykk på draktene skal vera godkjent av hovudstyret.

Fotballdrakter/handballdrakter og utstyr blir kjøpt på Sport 1 på Jørpeland, jf. Avtale mellom idrettslaget, Adidas og Sport 1.

## Regler for Hjelmeland IL

### Retningslinjer for foreldre/føresette

- o Respekter klubben sitt arbeid. Det er frivillig å vera medlem av Hjelmeland IL, men er du med, følger du våre reglar
- o Engasjer deg, men husk at det er barna som driver idrett - ikkje du
- o Respekter trenaren, hans/hennar arbeid og anerkjenn han/henne overfor barna dine
- o Lær barna folkeskikk. Gå føre som eit godt eksempel
- o Lær barna å tåla både medgang og motgang
- o Motiver barna til å vera positive på trening
- o Vis god sportsånd og respekt for andre.
- o Ved usemje snakkar du med den det gjeld - ikkje om
- o Husk at det viktigaste av alt er at barna trivst og har det gøy!

## Retningslinjer for utøvarar

- o Gode haldningar
- o Respektere kvarandre
- o Lojalitet mot klubb og trenarar
- o Hjelpe kvarandre
- o Følge klubbens regler
- o Stille opp for kvarandre
- o Ærlig overfor trener og andre utøvarar.
- o Stå saman
- o Stille på treningar og stemne ein har forplikta seg til.
- o Vise engasjement
- o Gode arbeidshaldningar.
- o Ver stolt av eigen innsats.
- o Ta ansvar for miljø og trivsel.
- o MOBBING ER IKKJE AKSEPTERT

## Retningslinjer for trenarar

### Som trenar skal du bidra til:

- o Meistring, sjølvstende og tilhøyrse for utøvaren
- o Positive erfaringar med trening og konkurranse
- o Å fremja eit godt sosialt miljø, lagånd og vennskap
- o At utøvarar skal kunne drive idrett i andre avdelingar
- o Samarbeid og god kommunikasjon med andre trenarar, leiarar og foreldre
- o Vera eit godt forbilde
- o Møt presis og godt forberedt til kvar trening
- o Som trenar er du rettleiar, inspirator og motivator
- o Bry deg litt ekstra og involver deg i utøvarane dine
- o Bli kjent med utøvarane sine individuelle mål og opplevingar av treninga
- o Søk å utvikle sjølvstendig vurderingsevne hjå utøvaren
- o Vis god sportsånd og respekt for andre
- o Ver bevisst på at du gir alle utøvarane merksemd
- o Ein kvar utøvar eller gruppe skal utfordrast til å utvikle sine ferdigheter

### Innhaldet i treninga skal vera preget av:

- o Ein målretta plan
- o Progresjon i opplevingar og ferdigheter
- o Stadig nye utfordringar slik at utøvaren flytter grenser
- o Effektiv organisering
- o Sakleg og presis informasjon
- o Kreative løysingar
- o Fleksibilitet

## Seksuell trakassering

Idretten kan diverre tiltrekka seg personar som ikkje kjem til oss pga idretten me driv med, men for å finne lette offer for sine egne laster. Difor må klubben vite skal handtera slike saker, og det må utarbeidast ein instruks for klubben.

Det skal vera lett å seia i frå, og klubben skal utarbeide ein varslingsplakat som gir ei oppskrift på korleis ein seier i frå om overgrep og seksuell trakassering.

Trenere og leiare skal kjenne til [idrettens retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep](#) .

## Alkohol

### Idrettens holdning til alkohol:

Vedtatt av Idrettstyret 16. mars 2004, sak 54

1. Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite skal fremstå som en organisasjon som arbeider mot bruk av alkohol i idrettslig sammenheng. (NIFs lov§ 11-2 g)
2. Barn og unge som deltar i aldersbestemte klasser (under 18 år) skal møte et trygt og alkoholfritt idrettsmiljø. Trenere, leiare og utøvere skal fremstå som gode forbilder for barn og unge og ikke nyte alkohol i samvær med utøvere i denne alder.
3. Medlemmene i organisasjonen skal informeres om de skadevirkninger alkohol har på prestasjonsevnen, sikkerheten og det sosiale miljø.
4. Tribunekulturen skal vera trygg, familievennlig og alkoholfri. På tribunene skal det derfor ikke nytes alkohol i tilknytning til konkurranseaktiviteter. I lokaler tilknyttet idrettsanlegg gjelder de kommunale skjenkebestemmelser dersom lokalet leies ut til private. (NIFS lov§ 11-2 g)
5. Idretten skal ha en restriktiv holdning til samarbeidsavtaler med bedrifter som har en vesentlig del av sin virksomhet knyttet til salg av alkoholholdige drikke/ produkter. Alle organisasjonsledd pålegges å følge norsk alkohol-lov med forskrifter og retningslinjer. Arenareklame og utstysreklame utføres iht gjeldende lovverk. Særforbund og kretser informerer underliggende ledd, herunder klubber og lag. Norsk alkohollov gjelder for alle som deltar på idrettsarrangement i Norge. Det vil si at også internasjonale aktører må forholde seg til den norske lovgivningen når de deltar på idrettsarrangement i Norge.

**Forbudet mot reklame for alkoholholdig drikk finner vi i alkoholovens§ 9-2.** *All reklame for alkoholholdig drikk er forbudt. Alkoholholdig drikk er definert som drikk med alkoholinnhold over 2,50 volumprosent alkohol. I utgangspunktet rammes ikke reklame for lettøl av forbudet. Det er imidlertid forbudt å reklamere for andre varer med samme varemerke eller kjennetegn som alkoholholdig drikk. Dette stiller særskilte krav til lettølrek/ame.*

## Reglar for reiser

### Reiseinstruks for Hjelmeland Idrettslag

1. Formål
  - 1.1. Reiser og opphald ved kampar, turneringar og treningsleirar skal vera ei trygg, god og minnerik oppleving for aktive og leiarar.
  - 1.2. Skape tryggleik for føresette som overlet barn og unge i klubben si varetekt.
  - 1.3. Gi tryggleik for våre leiarar om kva som er forventa av dei.
2. Omfang og føresetningar.
  - 2.1. Desse reglane gjeld for alle reiser i samband med kampar, turneringar og

treningsleiarar med overnatting der aktive under myndighetsalder deltek.

- 2.2. Reiser som er omfatta av desse reglane er å rekna som alkoholfri sone for aktive og leiarar frå avreise til heimkomst.
- 2.3. På alle reiser i regi av Hjelmeland Idrettslag, skal det utpeikast ein ansvarleg hovudleiar som har overordna myndighet frå avreise til heimkomst.
- 2.4. Der fleire lag deltek skal kvart lag ha med seg min. 2 leiarar inkl. trenar/ lagleiar. Min. 1 av leiarane skal vera av samme kjønn som laget sine deltakarar. Desse leiarane har ansvar for sitt lag eller gruppe . Reise og opphald for desse leiarane skal dekkast av reisekasse eller gruppa.
3. Hovudleiar
  - 3.1. Før avreise skal det haldast informasjonsmøte for deltakarane og deira føresette, eller på annan måte sørge for at tilstrekkeleg informasjon blir gitt .
  - 3.2. Sørger for at oppdatert deltakarliste med kontaktinformasjon til alle deltakarane/ og føresette finns ved avreise.
  - 3.3. Sørger for at det blir halde orienteringsmøte for alle leiarane før og under opphaldet, og sørge for at leiarane er kjende med denne instruksen.
  - 3.4. Har overordna ansvar for at reisa føregår etter dei retningslinjene klubben har bestemt, og skal saman med dei andre leiarane bidra til trivsel for alle deltakarane.
  - 3.5. Sørge for at det etter reisa blir levert rekneskap med bilag for turen til gruppa sin kasserar.
  - 3.6. Hovudleiar rapporterer til overordna leiar, men i saker av følgande karakter skal her som elles umiddelbart og direkte rapporterast til leiar i Hjelmeland IL:
    - Overgrepssaker.
    - Ulukke med personskade.
    - Dødsfall blant klubben sine medlemmer.
    - Økonomisk utruskap.
    - Klare brot på det klubben ønskjer å stå for.
    - Andre saker som kan medføre spesielle medieoppslag, eller merksemd frå det offentlege.

## Politiattest

Politiattest skal avkrevast av personar som skal utføre oppgåver for idrettslaget som medfører eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meiner ein barn og unge under 18 år.

Personar under 18 år skal også avkrevast politiattest. Den nedre grensa er 15 år.

Leiar i Hjelmeland IL er ansvarleg for politiattestar, nestleiar er vararepresentant.

## Fair Play

Fotball og håndball har Fair Play-regler, og Hjelmeland IL skal retta seg etter desse reglane.

### For spelarar

Fair Play betyr at du som spelar må:

- o Ta godt vare på dine medspelarar og inkluder nye lagkameratar
- o Unngå stygt spill og filming
- o Skape tryggleik og god lagånd på banen



Fair Play-anden skal vekse fram ved:

- o Å trene og spele kamper med godt humør
- o Å behandle motstandarane med respekt
- o Å hjelpe skada spelar uansett lag
- o Å takke motstandaren etter kampen
- o Å ikkje kjefte på andre spelarar eller dommaren

### For trenere og leiare

Som trener og leiar har du ansvar for at spelet blir utøvd i den rette Fair Play-anda. Du skal sørge for at spelarane har god kjennskap til reglar og retningslinjer, og at disse blir fulgt. Du kan invitere spelarar og dommarar til temamøte, der situasjonar bli tatt opp til vurdering og bevisstgjerjing.

Det er ditt ansvar som trener eller leiar at spelarane forstår:

- o Forstår kva som er dommaren sin situasjon og funksjon
- o At dommarane må ta hurtige val - og dermed umogleg kan vera feilfrie
- o Betydninga av å ikkje overreagere på dommaravgjersler
- o At det er dommaren si avgjersle som tel, og at det er bortkastet å pådra seg straff for kjeftebruk
- o Betydninga av å følge regelverket - det tener alle parter, og dermed også spelet.

### For føresette og foreldre

Føresette, foreldre og besteforeldre er ein viktig ressurs for norsk fotball og handball. Det er fint om også de bidreg til trivsel og fair play i idretten!

Ta ansvaret og tenk over følgende:

- o Di interesse og oppfølging betyr mykje for barn og unge
- o Likeverd, aksept og inkludering skal gjelde alle i idrettsmiljøet
- o Verdsett opplevelse, god oppførsel og lagånd høgt
- o Respekter trenaren sin bruk av spelarar - ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- o Dommaren prøver også å gjere sitt beste - ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- o Resultatet må ikkje bli for viktig - den enkelte spelar si meistring har også stor betydning
- o Gi oppmuntring til alle spelarane - ikkje berre dine kjende
- o Stimuler til deltaking - utan nokon form for press
- o Ta gjerne initiativ til å bidra på foreldremøte for å avklare haldningar og ambisjonar

### For publikum og supportere

Din interesse som publikummar og supporter er viktig for idretten, enten det gjelder i miniputtkampen, småjentekampen eller Tippeligakampen.

Har du tenkt over at du som publikummar er med på å bidra til kva slags stemning og atmosfære kampen skal ha. Uansett om det gjeld kampar i toppfotballen eller breddefotballen spelar publikum og supporterane ei viktig rolle i forhold til stemninga.

Tenk over følgende:

- o Verdsett opplevelse, god oppførsel og lagånd høgt
- o Det viktigaste er tross alt å støtte laget sitt, uansett resultat
- o Respekter trenaren sin bruk av spelarar - ikkje kritiser hans/henner avgjersler

- o Dommarane gjer sitt beste
- o Dommarane må ta mange og hurtige val - og dommarane kan dermed umogleg vera feilfri
- o Respekter dommaren sine val - ikkje kritiser hans/hennar avgjersler
- o Ikkje overreager på dommaravgjersler

## Dugnad

Dugnad skal i utgangspunktet vera basert på frivillig deltaking, og idrettslaget kan ikkje pålegge medlemmer eller foreldre til medlem å delta på dugnad.

Dugnad er viktig for idrettslaget sin aktivitet, og det er difor forventat at alle som kan deltek på oppsette dugnadar.

idrettslaget skal jobba for at dugnadsarbeidet opplevast kjekt og meningsfylt.

Medlem og foreldre/føresette må rekne med å bidra med dugnadsarbeid blant anna i samband med Ryfest og fotball-cup. Også andre arrangement og tiltak vil krevja dugnadsinnsats.

## Årlege faste oppgåver

- o Gjennomføra den årlege lovpålagde idrettsregistreringa
- o Gjennomføre årsmøtet i samsvar med idrettslaget sin lov
- o Rapportere endringar av post og e- postadresser
- o Oppdatera nytt styre på same stad som idrettsregistreringen
- o Søke kommunale midlar og andre aktuelle tilskotsordningar, sjekk med kommune for søknadsfrist
- o Søke kommune om treningstider, sjekk kommune om søknadsfrist